

Uskedeling lengst på Norsktoppen

08.01.2008

Uskedelingen Tore Sergei Myklebust var saman med Helle Grankel i "Blue Moon Band" lengst på Norsktoppen i NRK P1 i 2007, skriv Kvinnheringen. Låta "Goodbye to Yesterday" låg 20 veker på lista, frå 3. mars til 14. juli.

Myklebust og Grankel deltok også i Grand Prix med denne songen. Den gav ikkje finaleplass, men det er altså tydeleg at den i høgste grad fall i smak hos folket. Gruppa skal ikkje vera med i årets Grand Prix.

Det siste året har Myklebust mellom anna vore å sjå som vokalist i det populære programmet "Skal vi danse?" på TV2. I desember var han i Estland, der han song saman med Marie Storeng framfor 40 symfonikarar, kor og 18.000 publikummarar i "Abba in Symphony".